



## NYHENDE NR. 1 – JUNI 2015

«God informasjon, involvering og høring av innbyggernes meninger er viktig i kommunereformen, sier kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner. «

For å gjere det enkelt for kommunane å gjennomføre innbyggjarundersøkingar har departementet no inngått [rammeavtale/](#) med Opinion AS. Det er viktig at kommunane høyrer innbyggjarane sine før kommunestyra skal ta endeleg avgjerd om val av å bli med i ein ny kommune. Innbyggjarhøring kan kommunen ordne på ulike måtar, til dømes ved folkerøysting, folkemøte eller gjennom ei innbyggjarhøring. Kommunar som gir innbyggjarane sine faktainformasjon på bakgrunn av utgreiingsarbeid, gjennomfører følkehøringar og gjer kommunestyrevedtak innan 1. juli 2016, kan få kr. 100 000 i støtte til dette arbeidet.

### KOMMUNEPROPOSISJON 2016

Kommuneproposisjonen blei behandla og vedtatt i Stortinget 12. juni 2015. Det vart gjort slikt vedtak gjeldande kommunereforma:

- [Vedtak/](#) Stortinget ber om at fylkesmennene kjem med si tilråding om kommunestrukturen i fylket etter at kommunane har gjort sine vedtak seinast 1. juli 2016

### UNGDOM OG KOMMUNEREFORMA

I samarbeid med regionråda har Fylkesmannen no gjennomført møte der leiar og nestleiar i ungdomsråda har vore inviterte. Samla konklusjon frå møta er at ungdomen ynskjer at kommunane, Fylkesmannen og regionråda satsar på følgjande for å nå ut med informasjon om kommunereforma:

- Lage visuell informasjon som skaper interesse
- Skulane må leggje informasjon om kommunereforma inn i skuletimar
- Informasjon og debatt må gjennomførast på ungdomen sine møtestader

### KVA HENDER FRAMOVER

Fylkesmannen vil innan 1. juli sende ut ein rapport: « **Utviklinga i kommuneøkonomien i Møre og Romsdal i 2014**», der økonomi i kommunereforma er spesielt omtalt.

No går vi mot sommartid og ferie. Informasjon om planlagt aktivitet frå hausten vil kome i nytt nummer av NYHENDE etter sommarferien.

### FYLKESMANNEN HAR ORDET

Eit samla Storting har bestemt at kommunane skal vurdere eigen status pr. i dag, og kartleggje dei viktigaste utfordringane ein står framfor. Dette som førebuing for å ta ei endeleg avgjerd om vidare status for eigen kommune innan 1. juli 2016. Kommunane skal måle dette ut i frå dei fire kriteria som Stortinget har bede dei å vurdere ut i frå:

- Gode og likeverdige tenester
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har som målsetting i sitt arbeid med kommunereforma å støtte kommunane i prosessane vidare. Fylkesmannen meiner det vil vere ein suksess for regionen og kommunane dersom endeleg vedtak frå kommunane og tilrådinga som blir sendt frå Fylkesmannen til KMD i etterkant - er samstemte. Skulle Fylkesmannen gjere ei anna tilråding enn det ein kommune har saksutgreidd fram til vedtak, skal kommunen bli gjort kjent med dette frå Fylkesmannen, i god tid før kommunen fattar endelege vedtak.

God sommar!

